


# Skjervet

## ELVETJUVERI OG MOTBAKKEELVAR

**På slutten av den siste istida gjekk brestraumen ut Hardangerfjorden så strid at han tvinga smeltevatn frå Vosso til å renna i motbakke mot Granvin. Breen frå Raundalen ned den kronglete dalen langs Vosso til Bolstadøyri vart for sein i snuen.**



Skjervet mot aust. Garden Jøndre oppe til venstre. (Svein Nord)



Det meste av breen i Raundalen tok vegen mot Hardanger. Profilet følgjer blå piler på kartet. (Inge Aarseth/ Eva Bjørseth)

Ved sørenden av Granvinsvatnet er det fleire halve og heile jettegryter (R318) i fylltitten langs riksvegen. Dei heile grytene ligg tett inntil vegen, like nord for tunnelen, og er tryggast å studera frå gang- og sykkelvegen. Dei halve grytene ligg på innsida av den store vegsvingen, 300 meter lenger nord. Det er råd å parkera på utsida av køyrebana. (Inge Aarseth)



Då denne meir saktegåande breen kom dit Bømoen no ligg, halla brecoverflata slakare ned mot Vosso enn mot Skjervet og Granvin, der isgravinga gjekk mykje snøggare. Både breen og smeltevatnet under isen strøymde derfor i retning Granvin. Smeltevatnet rann i motbakke, ettersom fjellgrunnen låg høgare ved vasskiljet mellom Vosso og Granvin enn ved Bømoen. Vatnet vart pressa opp frå 100 moh. til 250 moh. før det fekk fritt leide ned til Granvinsfjorden. Det var trykkt frå isen som gjorde at vatnet kunne renna «feil» veg, den same trykkeeffekten som gjer at tappekranar høgt oppe i eit hus kan tilførast vatn frå eit inntak i kjellaren.

Motbakkeelva har lagt att ei rekkje prov på arbeidet sitt. Ved Møn er det eit gjel med jettegryter som smeltevatnet under isen har forma. Eit anna vitnemål er dei store jettegrytene aust for Flatlandsmo camping, der det renn berre ein liten bekk i våre dagar. Som om desse prova ikkje skulle vera nok, har motbakkeelva òg frakta med seg steinar av anortositt, som må ha kome frå Mjølfjell (R444), og som no finst i grusterrassane ved Filipshaugen på Mala. Desse steinane har rulla på elvebotnen 150 meter oppoverbakke før dei omsider la seg til ro.

Mykje lenger attende, i dei tidlegare istidene, grov Hardangerfjordbreen så djupt og iherdig at han stal vatn frå Vossevassdraget utan å mätta ty til motbakkeelvar. Før istidene nådde nedbørsfeltet til Vosso like til området ved Vassfjøro og Solsævatnet i Ulvik. Elvane rann då gjennom den eldre, litt høgareliggjande «Espelandsdalen» mot Vosso. Fleire dalhyller, den øvre ved Kolskår og den nedre ved Jøndre, markerer høgda på to sett gamle dalbotnar som saman med Skaftealdalen halla mot Vosso før istidene.

I istidene vart Hardangerfjorden graven lenger og lenger inn i landet, med sidefjorlar som Granvinsfjorden og Osafjorden med Ulvikapollen, og med innhogg som Granvinsvatnet og dalen vidare inn til dalenden ved Skjervet. Dette gravearbeidet endra lagnaden for dei eldre elvedalane. Dalane vart innhenta, vatnet fann ein stuttare veg til sjøen og skifta derfor retning frå Vosso til Granvinsvassdraget. Elvetjuveriet i Granvin var likevel mindre omfattande enn tilsvarande tjuveri ved Stalheim (R445).



Kart over elvane i Voss-Granvin-området før elvetjuveriet og elvane i dag. (Inge Aarseth/ Eva Bjørseth)



## TAKSVALER I BERGVEGGER

I dag byggjer taksvaler flest reira sine under takskjegget på våningsbus og låvebygningar, eller på industribygg og bensinstasjonar. Men svalene bygde reir lenge før menneska tok til å tømra bus. Steile fjellveggar er den eigentlege reirstaden for desse fuglane, og nokre svaler held tradisjonen i bevd.

Det skjer mellom anna i Seglberget ved Skjervet. Denne bergveggen er særst godt eigna, han har mange framspring med god plass innunder. Reirstaden må liggja slik til at det ikkje sildrar vatn nedover fjellet og heller ikkje regnar inn. I motsett fall ville reira lett gå i oppløysing og ramla ned. Det hekka nok mange fleire svaler i Seglberget i farne tider. Arten har gått dramatisk attende på Vestlandet dei seinare åra (©2017).

Taksvaler sankar reir-materiale – leire og fuktig jord som dei festar til bergveggene. (Pål Hermansen)

